Austrheim KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	30.10.2025
Møtetid:	15:00 - -19:30
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Odd-Marthin Totland	medlem	H	
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordførar	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Per Lerøy	varaordførar	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Reidar Ulvøy	MEDL	AP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Idar Johan Hopland		AP	
Tore Svendsen		SAM	Møtte for Renee Semmingsen frå klokka 18.00

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef
Ketil Tjore	møtesekretær

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 77/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 30. oktober 2025	
PS 78/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 1. oktober 2025	
PS 79/2025	Referatsaker til kommunestyremøtet 30. oktober 2025	
RS 44/2025	Referat frå Områdeutvalet i Nordhordland 19.09.2025	
RS 45/2025	Møteprotokoll - Eldrerådet 10. september 2025	
RS 46/2025	Møteprotokoll - Eldrerådet 14. oktober 2025	
RS 47/2025	Møteprotokoll - RMNF 10. september 2025	
RS 48/2025	Møteprotokoll - RMNF 15. oktober 2025	
RS 49/2025	Kontrollutvalet - innkalling, saksframlegg og sakspapir til møtet 24.09.2025	
RS 50/2025	Kontrollutvalet - Møteprotokoll frå møtet 24.09.2025	
RS 51/2025	Kontrollutvalet 24/9/2025 - sak 22/2025 - Statusoppdatering forvaltning økonomistyring og kostnadsutviklingsrevisjon	
RS 52/2025	Økonomirapportering september 2025	
RS 53/2025	Saksprotokoll Økonomirapportering september 2025	
OS 7/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 30. oktober 2025	
PS 80/2025	Temaplan helse og velferd - 2025	
PS 81/2025	Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane	
PS 82/2025	Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule	

PS 83/2025	Skulerute for skuleåret 2026 - 2027
PS 84/2025	Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune
PS 85/2025	Val av nytt fast medlem i levekårsutvalet
PS 86/2025	Vurdering av kjøp av tomteareal - sakspapira ligg i 2025/1803

PS 77/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 30. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 77/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 30. oktober 2025
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Idar Hopland (Ap) møtte for Reidar Ulvøy (Ap).
Reidar Øksnes (Sp) var på plass frå klokka 15.25.
Aslak Bakke (H) var på plass frå klokka 15.45.
Tore Svendsen (Samlingslista) møtte for Renee Semmingsen (Samlingslista) frå klokka 18.00.

Ordførar Morten Sognnes viste til at det i dag er både kommunestyre og formannskap. Formannskapet skal legga budsjettet for 2026 ut på høyring. Dette vert formelt gjort i eit eige møte etter kommunestyret, men orienteringa om budsjettet vert gitt under orienteringssaka i kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 77/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 30. oktober 2025
Kommunestyret - 30.10.2025

Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 78/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 1. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 1. oktober vert godkjent.

Sak 78/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 1. oktober 2025
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 78/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 1. oktober 2025
Kommunestyret - 30.10.2025

Møteprotokoll frå 1. oktober vert godkjent.

PS 79/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 30. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 79/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 30. oktober 2025
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 79/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 30. oktober 2025
Kommunestyret - 30.10.2025

Referatsakene vert teke til vitande.

RS 44/2025 Referat frå Områdeutvalet i Nordhordland 19.09.2025

RS 45/2025 Møteprotokoll - Eldrerådet 10. september 2025

RS 46/2025 Møteprotokoll - Eldrerådet 14. oktober 2025

RS 47/2025 Møteprotokoll - RMNF 10. september 2025

RS 48/2025 Møteprotokoll - RMNF 15. oktober 2025

RS 49/2025 Kontrollutvalet - innkalling, saksframlegg og sakspapir til møtet 24.09.2025

RS 50/2025 Kontrollutvalet - Møteprotokoll frå møtet 24.09.2025

RS 51/2025 Kontrollutvalet 24/9/2025 - sak 22/2025 - Statusoppdatering forvaltning økonomistyring og kostnadsutviklingsrevisjon

RS 52/2025 Økonomirapportering september 2025

RS 53/2025 Saksprotokoll Økonomirapportering september 2025

OS 7/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 30. oktober 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Sak 7/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 30. oktober 2025
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

I dette møtet var det gjester frå Nav, Nina Strømsnes som er leiar i Nav Fensfjorden og Arngunna Haga som er regionsleiar for Nav Nordhordland.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) takka for ei god orientering.
- Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er laga noko prognoser på kor mange flyktningar frå Ukraina som blir buande i Norge når krigen ein dag tar slutt.
    - Her svara Arngunna Haga at den offisielle norske politikken er at dei som har kollektiv beskyttelse skal reisa tilbake, men at ein ser at ein del ønskjer å bli buande dersom dei har etablert seg her.

Orienteringar frå administrasjonen:

Status helse- og omsorgstun, ved kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy

- Færøy orienterte om at det no er to tomter som er aktuelle, dagens tomt og tomta ved Austrheimhallen. Har vore ein workshop med tilsette og brukarar, der dei kom med innspel til konsulentane i Sweco. Sweco ser på ombruksprogram, og lagar to skisseprosjekt med kalkyler som skal leverast i midten av november. Styringsgruppa skal møtast 3. november for å få ei løypemelding frå Sweco, og skal så møtast igjen når Sweco har levert sine rapportar.

- Status prosjekt og investeringar, ved kommunalsjef Bjarte Rosenlund.

- Opprustinga av barnehagen på Kaland skal vera ferdig i februar.
- Solen-Førland, der er vegkryssingar på strekket ferdig, skal jobba no i krysset ved Solen og i krysset på Førland. Skal ta lysoppsett til veglys, og masseutskifting der det trengs for fortau langs fylkesvegen. Målet er framleis asfalt før vinteren set inn.
- Rosenlund gjekk gjennom ein eigen presentasjon om prosjektet VA Solend-Førland.
    - Per Lerøy (Ap) kommenterte at det som er bedt om, er vatn til Førland. Meiner dette skulle vore mogleg for 3500 kroner meteren, 1000 meter gjev så kostnad 3,5 millionar. Slik dette var framlagt frå administrasjonen, med tilskot frå fylkeskommunen til veglys og fortau, så skulle det ikkje gjeve så stor kostnad. Meiner at det hadde vore rett å komma tilbake til kommunestyret når ein ser at kostnaden vert så høg som det vart no (16 millionar kroner).

- Morten Sognnes (H) takka for orienteringa, og sa at det er læringspunkt her ein må ta med seg.
- Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes sa at denne saka også skal vidare til kontrollutvalet, det skal alle investeringssaker jamfør gjeldande reglement for investeringar.

- Status avvik, kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om status avvik, jamfør vedlegget som låg ved innkallinga.

- Økonomi per september, ved økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes.

- Orienterte om saka frå formannskapet, som låg ved innkallinga som referatsak 52/2025 - Økonomirapportering september 2025.
- Viste til at det vert vanskeleg å nå avsetningar til disposisjonsfondet i 2025.
    - Per Lerøy (Ap) spurte om kor mykje som eigentleg var meint å setta av til disposisjonsfondet, og kor mykje ein klarer i 2025. Dommersnes viste til at kva ein klarer å setta av er påverka av mellom anna kva utgifter ein kan finansiera med bruk av fond. Akkurat kva som vert mindreforbruket i 2025 ønskte ikkje Dommersnes å spå noko om per no.

- Sjukefråvær/personal, ved økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes.

- Dommersnes viste til at sjukefråværstala er gode. Ser at det er ein liten oppgang no, men det har gjerne med årstida å gjera.

- Presentasjon av framlegget til budsjett for 2026 og handlings- og økonomiplan for perioden 2026 - 2029 (formelt vedtak skal gjerast i sak 101/2025 i formannskapet 30. oktober 2025)

- Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy gjekk gjennom ein overordna presentasjon, som er tilgjengeleg saman med innkallinga til formannskapet 30. oktober 2025, sak 101/2025.
- Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om framlegget til budsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029, jamfør det som er lagt ut på Framsikt, på denne lenka: https://pub.framsikt.net/2026/austrheim/bm-2026-hop20262029au
- Dommersnes presiserte at alle påplussingar som blir gjort på utgifter, må dekkast inn for at budsjettet skal bli godkjent.

- Per Lerøy (Ap) kommenterte at det ligg 4,4 prosent auke i statsbudsjettet, ein nominell auke på 12 millionar og ein reell auke på 2,4 millionar kroner. Ser at det kan ligga ei utfordring i løyvingane til ressurskrevjande brukarar, der innslagspunktet for å få tilskot vert løfta. Lerøy spurte kommunedirektøren om kor mange ressurskrevjande brukarar kommunen har, og kva denne endringa vil utgjera i

kroner, ev. også kor mange som går over 67 år der kommunen må dekka alle utgiftene.

  - Her svara kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy at endringa i innslagspunktet reduserer inntektene på 1,6 millionar kroner. Ser at det er endra noko i statsbudsjettet på tilskot PU, men dette vert utjamna av andre endringar. Eigendelen frå innbyggarane vert auka, og det gjev mindre frå staten. Ingen passerer 67 år i 2026. Det er samla kostnader ved utløpet av året som seier kor mykje kommunen kan få.

- Per Lerøy spurte om skatteinntekter siste tre år, sidan kommunar som har hatt skatteinntekter under 120 prosent av snittet for landet siste tre år kjem betre ut.
  - Her svara økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes at Austrheim-snittet er over grensa på 120 prosent av landsgjennomsnittet.

- Reidar Øksnes (Sp) oppmoda sine medfolkevalde til å ha så verbalpunkt som mogeleg til budsjettet, slik at det vert eit ryddig dokument. Kva er det eigentleg me brukra desse verbalpunkta til i etterkant, er det berre ei hugseliste?
- Her kommenterte Per Lerøy (Ap) at verbalpunkta er brukte til å seia kva administrasjonen skal prioritera vidare. Men tenker at med eit så stramt budsjett skal ein vera forsiktig med å legga inn verbalpunkt. Likevel er det eit punkt som må prioriterast, å leita etter vasslekkasjar. Om ein ser på kva andre kommunar brukar av vatn, så er det potensiale for å spara store summar for kommunen ved at ein får redusert utgiftene.
  - Om vasslekkasjar svara kommunalsjef Bjarte Rosenlund at det er satsa på reduksjon av lekkasjar, mellom anna lytteutstyr. Stort potensiale for å spara pengar.

- På dette tidspunktet i møtet, klokka 18.00, vart Renee Semmingsen erstatta av Tore Svendsen, i Samlingslista.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at det vert satsa på barn og unge, og viste til ei landsomfattande undersøking gjort av Unicef, der Austrheim kjem noklunde bra ut: https://www.nrk.no/nordland/norges-beste-kommune-for-barn_-rodoy-topper-unicefs-rangering-1.17627918

- Aslak Andre Bakke (H) spurte kva som gjer at skatteinntektene går ned, og kva kommunen kan gjera.

- Her svara økonomisjef Dommersnes at staten tek meir av skatteinntektene, difor får kommunane mindre. Det beste kommunen kan gjera, er å få fleire unge og fleire barnefamiliar til å flytta til Austrheim, det gjev inntekter. Må bruka eit kvart høve til å framsnakka det gode liv i Austrheim.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 7/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 30. oktober 2025
Kommunestyret - 30.10.2025

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

PS 80/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner *Temaplan for helse og velferd*, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan

Sak 36/2025 Temaplan helse og velferd - 2025
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy spelte inn at handlingsdelen til temaplan for helse og velferd bør vera for eit tidsperspektiv på 4 år, og at denne bør følgja økonomiplanperioden med rulleringar årleg.

Det var semje i utvalet om at det er ei god løysing at planen no er lagt opp til å gjelda for 10 år. Færøy viste til at det var i bestillinga frå kommunestyret at planen skulle gjelda i 4 år, men at 10 år er ei god løysing.

Kommunalsjef Færøy viste til at det er ein auke i talet for personar med demenssjukdom. Status for Austrheim kommune kan ein sjekka på
Demenskartet: https://demenskartet.no/#4632

Terje Håland viste til at situasjonen er den same for kommunen som for landet, det er mange gode føremål, men det må gjerast prioriteringar mellom desse.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 36/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Levekårsutvalet - 16.10.2025

Kommunestyret godkjenner Temaplan for helse og velferd, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan

Sak 92/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Ordførar Morten Sognnes (H) spurte om korleis Austrheim kommune ligg an samanlikna med andre kommunar, med tanke på demens. Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy svara at tala her er som i andre tilsvarande kommunar, med tanke på alderssamansetnaden for innbyggarane.

- Hege Ramsland (H) spurte om kva som gjer at fleire får demensdiagnosen no, kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy svara at det handlar om meir openheit, betre kunnskap med meir.
- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy viste til at det etter innspel er lagt opp til at planen skal gjelda i 10 år, med revisjon etter 5 år.
- Per Lerøy (Ap) viste til at Levekårsutvalet har bedt om at handlingsplanen vert sett opp mot økonomiplanen, noko som er inkludert i framlegget til vedtak.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 92/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Formannskapet - 23.10.2025

Kommunestyret godkjenner Temaplan for helse og velferd, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan

Sak 80/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes sa at dette er ein veldig godt gjennomarbeidd plan, som er godt presentert.

Terje Håland (Ap) viste til handsaminga i Levekårsutvalet. Utvalet synest at dette er ein god plan, som er eit godt verktøy for arbeidet med forventningsavklaringar, og det å setta planen inn i budsjetta år for år.

Tore Svendsen (Samlingslista) spurte om når handlingsdelen skal til politisk handsaming, og om det skal settast ein tidsfrist på når den skal vera klar. Her svara kommunalsjef Færøy at det nok er mange tiltak som er i gang, men som må dokumenterast i eit dokument saman med det som skal startast opp vidare. Kor raskt handlingsplanen kan vera klar, er avhengig av kor store ressursar ein kan setta av.

Tore Svendsen (Samlingslista) ba om at handlingsdelen blir utarbeidd slik at den kan vera klar til budsjetthandsaminga i 2026, og kom med det som vedtaksframlegg.
Her svara kommunalsjef Færøy at tiltaka alt ligg inne i økonomiplanen framover.

Monika Thorpe (Ap) ba om gruppemøte (Thorpe er gruppeleiar for Ap si gruppe).
Det var pause i møtet for gruppeleiarmøte

Monika Thorpe (Ap) oppsummerte gruppemøtet med at det var semje om at sjølv om det ligg inne i planane, så kan ein legga til dette vedlegget frå Tore Svendsen (Samlingslista), slik at det ligg ein formell dato.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak, som då var innstillinga frå formannskapet pluss tillegget frå Svendsen (Samlingslista).

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for innstillinga frå formannskapet, pluss tillegget frå Tore Svendsen (Samlingslista).

Vedtak i sak 80/2025 Temaplan helse og velferd - 2025

Kommunestyret - 30.10.2025

Kommunestyret godkjenner Temaplan for helse og velferd, med dei prioriteringar og strategiske grep som er skissert i planen.

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sitt forslag om at planen vert gjeldande frå 2025 – 2035, med gjennomgang og revisjon etter 5 år.

Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeidet med handlingsdelen og sikre at tiltak må sjåast i samanheng med overordna prioriteringar og føringar i økonomiplan.

Handlingsdelen skal leggast fram for kommunestyret i god tid før handsaming av 2027-budsjettet.

PS 81/2025 Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommune sluttar seg til *Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene* slik den ligg føre.

Sak 37/2025 Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 37/2025 Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Austrheim kommune sluttar seg til Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene slik den ligg føre.

Sak 81/2025 Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for Levekårsutvalet si innstilling til vedtak

Vedtak i sak 81/2025 Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene - til handsaming i kommunane
Kommunestyret - 30.10.2025

Austrheim kommune sluttar seg til Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene slik den ligg føre.

PS 82/2025 Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet/kommunestyret i Austrheim tilrår Vestland fylkeskommune til å prioritera tomtealternativa 1-5 i denne rekkefølgja (rangeringa blir gjort i møtet):

Sak 97/2025 Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule
Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes orienterte om det arbeidet som er gjort frå folkevalde/administrasjonen i denne saka.

- Austrheim vil fronta denne saka opp mot nabokommunane, og reknar med støtte frå dei.

- Det må også gjerast ein jobb opp mot dei folkevalde i fylkestinget.
- Kommunen må spela inn at det bør leggast opp til å bygga ein skule for det elevtalet ein har hatt tidlegare, på 400 elevar.
- Formannskapet gjekk gjennom hovuddelen av "Presentasjon - Austrheim VGS mulighetsstudie 171025"

Formannskapet diskuterte saka, og kom med denne innstillinga til kommunestyret:

Prioritert rekkjefølgje:
1. Alternativ "Verftet"
2. Alternativa på dagens plassering
3. Alternativ "Mongstad"

Fram mot kommunestyret 30. oktober vert det jobba med argumentasjonen bak prioriteringa.

- Austrheim kommunestyre vil rå Vestland fylkeskommune til å gå for ei plassering i Mastrevik, det som i moglegheitsstudien er nemnt som «alternativ 02 - VERFTET».
- Som det framgår av moglegheitsstudien skårar dette alternativet bra på ei rekkje viktige målepunkt, mellom anna god stadutvikling, og gjenbruk av deler av eksisterande bygningsmasse. I tillegg peikar moglegheitsstudien på at dette alternativet vil gje ein skule tett på sjøen, noko som er bra for ein utdanningsinstitusjon med linjer innan maritim næring og akvakultur.
- Dette vil vera ei god plassering for eit nybygg, og vil også revitalisera denne skulen med tanke på vidare utvikling og søkartal.
- Dei utfordringane som måtte vera med denne plasseringa er fullt ut løyselege, og denne plasseringa har også vore utgreidd tidlegare i samband med tidlegare planar for oppgradering av Austrheim vidaregåande skule.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 97/2025 Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule

Formannskapet - 23.10.2025

Prioritert rekkjefølgje:
1. Alternativ "Verftet"

2. Alternativa på dagens plassering
3. Alternativ "Mongstad"

Fram mot kommunestyret 30. oktober vert det jobba med argumentasjonen bak prioriteringa.

Sak 82/2025 Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule

Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Kristoffer Myklebusthaug (H) peika på at det er viktig med ei tilknyting mellom skulen og industri og næringsliv. Skulen har teke kontakt tidlegare med Myklebust Management som driv innan shipping, og det har vore fleire elevbesøk frå AVS til Fonnes for besøk på skip som Myklebust har hatt inne.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) støtta at kommunestyret støttar dette arbeidet. Stilte spørsmål ved eit punkt på side 72 i mulighetsstudien om at "VLFK har fått tilbud på kjøp av administrasjonsbygg" (kommunehuset). Ordførar Morten Sognnes sa at det ikkje er gitt noko tilbod, men at det er sett ein takst på 34 millionar kroner for bygget.

Per Lerøy (Ap) sa at dette er ein fantastisk moglegheit til å støtta oppunder satsinga på maritime fag og friluftsliv knytt til sjø. Ønskjer også å løfta Mastrevikane med eit signalbygg som både fylket og kommunen kan vera stolt av. Ba om at gruppeleiarane set seg saman for å jobba fram ein best mogleg tekst for argumentera for tomt nummer to. Tomt nummer 1 er heller ingen katastrofe, men tomt 2 passar best med satsinga på akvakultur, maritim næring og friluftsliv på sjø.

Aslak Bakke (H) ba om at ein nyttar seg av nettverket som eksisterer i næringslivet.

Det var gruppeleiarmøte, for arbeid med vedtaksframlegget.

Bjørn Inge Håland (Sp), refererte gruppeleiarane sitt framlegg til vedtak.

Per Lerøy (Ap) ba om at det vart lagt inn i framlegget at dette gjev ein moglegheit til å få ein kai knytt til skuleanlegget. Ba om at administrasjonen la inn dette.

Samrøystes vedtak med tillegg frå Lerøy.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for gruppeleiarane sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 82/2025 Uttale/ønskje til val av tomt for nybygg Austrheim vidaregåande skule

Kommunestyret - 30.10.2025

Uttale om tomtealternativ for Austrheim vidaregåande skule:

Representantane i Austrheim kommunestyre er svært takksame for at Vestland fylkeskommune vil satsa på Austrheim vidaregåande skule og at det no er lagt fram ein moglegheitsstudie for eit nybygg. I denne studien har fem tomtar blitt vurderte og alle desse har gode, men ulike kvalitetar.

2.2 tomt – ved verftet.

Denne tomten ligg flott og lunt til i sjøkanten i Mastrevik. Her kan Vestland fylkeskommune byggja ein vidaregåande skule som kan vera eit fyrtårn og eit utstillingsvindauge for fylkeskommunen. Mastrevik kan transformerast til ei perle i den indre farleia.

Me meiner at plassering av ein ny vidaregåande skule på tomt 2.2, vil auka attraktiviteten til Mastrevik-området vesentleg, noko som vil gagne kommunen, men også arbeids- og læringsmiljøet ved skulen.

Plasseringa vil vera med på å underbyggja fylket si satsing på naturbruk og maritime fag ved skulen, samt programfaget friluftsliv på studiespesialisering. Desse satsingane har etter vår meining vore svært vellukka og framtidsretta.

Sjømatnæringa i landet skal veksa dei neste tiåra og dei maritime næringane har alltid stått sterkt ved kysten. Dette gjer tomt 2.2 svært veleigna til ei vidareutvikling av skulen i tråd med samfunnet sine behov.

Vel ein tomt 2.2, som har tilgang til kai rett utanfor døra, kan ein i framtida utvikla eit maritimt opplærings- og sikkerheitssenter ved skulen, noko som kan bli svært attraktivt for Vestland fylke med sine mange aktivitetar innan akvakultur og sjøfart.

Ein ny skule på tomt 2.2 vil vera med å løfta miljøet i Mastrevik og utvikla eit sentralt område i Austrheim i tråd med kommunen sin samfunns- og arealplan.

Tomten ligg tett på Havsportsenteret, idrettsparken, kommunesenteret med mellom anna helsestasjon, legekontor, ambulansestasjon, Årås skule, Nordliheimen og Kystbarnehagen. Dette gjer at me vil kunna vidareføra og utvikla det gode samarbeidet mellom kommunen og den vidaregåande skulen gjennom mellom anna arbeidslivsfag og praksisplassar.

For Austrheim kommune er det viktig at tomtevalet gir rom for ei dimensjonering på 300-400 elevar.

Kommunestyret prioriterer dei fem alternativa i denne rekkjefølgja:

1. Alternativ "Verftet"
2. Alternativa på dagens plassering
3. Alternativ "Mongstad"

PS 83/2025 Skulerute for skuleåret 2026 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2026 - 2027 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Sak 38/2025 Skulerute for skuleåret 2026 - 2027
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksframlegget. Fensfjorden-regionen har lik skulerute, og ein ser også mot Alver og Bergen når ruta skal settast opp.

Skuleruta skal etter ny lovgjeving opp som vedtakssak i kommunestyret, med kunngjering som ei forskrift.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 38/2025 Skulerute for skuleåret 2026 - 2027
Levekårsutvalet - 16.10.2025

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2026 - 2027 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Sak 83/2025 Skulerute for skuleåret 2026 - 2027
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for levekårsutvalet si innstilling til vedtak

Vedtak i sak 83/2025 Skulerute for skuleåret 2026 - 2027
Kommunestyret - 30.10.2025

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2026 - 2027 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

PS 84/2025 Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Kommunestyret godkjenner forskrift om hovudmål ved skulane i Austrheim kommune 2025-2030

Politisk handsaming
Saka har vore til uttale i ungdomsråd, FAU, Su,

Saka skal til innstilling i levekårsutvalet, formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld
Opplæringslova frå 1. august 2024 krev at alle lokale forskrifter skal kunngjerast. Det skal også fastsetjast fleire lokale forskrifter enn i førre lov. Kommunen skal gi forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skule, anten nynorsk eller bokmål. Austrheim kommune fastset forskrift om at nynorsk skal vere hovudmålet ved begge grunnskulane i kommunen.

Bakgrunn
Opplæringslova krev at alle lokale forskrifter skal kunngjerast. Opplæringslova §15-2: Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skule, anten bokmål eller nynorsk. Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra/føresette.

I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskule eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst ¼ av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgjevande røysting. Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år. Departementet kan gi forskrift om røysterett, ansvar for røystinga og organiseringa av røystinga.

Vurdering

Hovudmålet i grunnskulane i Austrheim kommune er allereie på nynorsk. Grunnen til at dette er ei politisk sak, er krav om lokal forskrift i opplærinngslova frå 1. august 2024.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at Austrheim kommune avgjer at hovudmålet ved dei to grunnskulane i kommunen er på nynorsk.

Sak 94/2025 Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune

Formannskapet - 23.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) viste til at ofte når kommunen nyttar konsulentar, så leverer dei arbeidet sitt på bokmål. Etterlyser at kommunen stiller krav om nynorsk frå desse. Her kommenterte ordførar Morten Sognnes (H) at det vert lettare å stilla slike krav når det er gjort vedtak om at Austrheim er ein nynorskkommune.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 94/2025 Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune
Formannskapet - 23.10.2025

Kommunestyret godkjenner forskrift om hovudmål ved skulane i Austrheim kommune 2025-2030

Sak 84/2025 Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for formannskapet si innstilling til vedtak

Vedtak i sak 84/2025 Stadfesting av Austrheim som nynorskkommune
Kommunestyret - 30.10.2025

Hovudmålet ved dei to grunnskulane i kommunen er nynorsk.

PS 85/2025 Val av nytt fast medlem i levekårsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Per Lerøy (Ap) går opp frå 1. vara til fast medlem i Levekårsutvalet, ut perioden 2023-2027.

Sak 85/2025 Val av nytt fast medlem i levekårsutvalet
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksgrunnlaget.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 85/2025 Val av nytt fast medlem i levekårsutvalet
Kommunestyret - 30.10.2025

Per Lerøy (Ap) går opp frå 1. vara til fast medlem i Levekårsutvalet, ut perioden 2023-2027.

PS 86/2025 Vurdering av kjøp av tomteareal - sakspapira ligg i 2025/1803

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Saka med vedtaksframlegg og vedlegg er unnateke offentlegheit, og vert sendt ut separat frå den ordinære innkallinga til møtet 30. oktober.

Saka er unnateke med heimel i Offl. § 13 (Opplysningar som er underlagde teieplikt), jf. Fvl. § 13 2. ledd

Sak 86/2025 Vurdering av kjøp av tomteareal - sakspapira ligg i 2025/1803
Kommunestyret - 30.10.2025

Handsaming:

Sakshandsaming og vedtak ført som lukka sak.

Tilgjengeleg i Elements i sak 2025/1803

Vedtak i sak 86/2025 Vurdering av kjøp av tomteareal - sakspapira ligg i 2025/1803
Kommunestyret - 30.10.2025